



Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/504 - 23/4675

Sakshandsamar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

25.05.2023

Oversending for uttale - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av vindmølar og søknad om dispensasjon - gbnr 5/1, 5/2 og 5/3

OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE EKSTERNE

Saka gjeld søknad frå Kystverket om oppsetjing av vindmølar på Ytre Raunholmen i Masfjorden kommune for å auka sjøsikkerheita primært ved Haugsøytangen ankringsområde, som ligg like ved.

Tiltaket krev dispensasjon frå planformålet, som er LNF og friluftsområde og frå §1-8, avstand til sjø.

Tiltaket er ikkje nabovarsla, men det er gjort bruksrettsavtale med alle grunneigarane på holmen. Masta vil ikkje vera synleg/ påvirka andre en desse.

VURDERING

Søklar opplyser at installasjonen vil vera ei 2 m høg gittermast med påmontert vindmølar og solcellepanel. Det er ikkje bevegelege delar eller noko hørbar støy frå anlegget. Anlegget er tilnærma vedlikehaldsfritt. Tiltaket si utforming er godt skildra i vedlagte søknad med bilder og liknande.

Frå før er det etablert ein større steinvarde som fungerer som seglingsmerke på holmen.

I artsdatbanken er det registert gråmåke, som er sårbar art, med mulig reproduksjon og teist, som er nær truet, med reproduksjon. Eit evt. løyve til etablering bør då ha som vilkår at sjølve etableringa og evt. vedlikehald må skje utanfor tida for hekking for desse fugleartane. Då anlegget

ikkje har noko støy eller bevegelege delar antar ein at ei slik etablering ikkje vil påverka dyre- og fuglelivet på holmen.

Kommunen vurderer dette som eit tiltak som er til nytte for samfunnet og har små/ ingen verknadar for omgjevnadane om ein gjer eit løyve med vilkår rundt etablering og vedlikehald.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av vindmølar og søknad om dispensasjon - gbnr 5/1, 5/2 og 5/3

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune Vestland fylkeskommune	Njøsavegen 2 Postboks 7900	6863 5020	LEIKANGER Bergen
--	-------------------------------	--------------	---------------------